

Svenn Hauge
Mykingvegen 761
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19150 - 21/23217

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:
08.04.2021

Landbruksak gbnr 29/3 Hauge - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 438/21

VEDTAK:

Med heimel i i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Svenn Hauge løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 29/3 Hauge.

Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong.
- Det må takast omsyn til viktig gytefelt for torsk i Haugsvika. Ein må unngå avrenning til vassdraget ved bygging av vegen og kryssing av elva.
- Vedtaket er gyldig til 31.04.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550,paragraf 3-2.

Saka gjeld

Svenn Hauge søker om bygging av ca 370 meter landbruksveg i vegklasse 4, landbruksvegforskrifta. Kostnaden er berekna til ca 450 000kr. Vegen skal gje tilkomst til skog og sikra tilkomst for hytter og jordbruk i haugsneset. Dagens veg gjev uønskt trafikk gjennom tunet.

VURDERING:

Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilhetsløsningar. Det skal samtidig leggast

vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner, friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Prinsippa i §§ 8 – 1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Ein har ikkje funne noko i desse søka. Saka har vært på høyring hos Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og kulturavdelinga i Alver.

Statsforvaltaren i Vestland kommenterte det viktige gytefeltet for torsk i haugsvika og at ein må unngå avrenning til vassdraget ved bygging av vegen og ved kryssing av elva.

Oppretting av fangdammar langs traseen kan vera eit godt tiltak.

Vestland fylkeskommune har gitt løyve til bygging av avkjørsel frå fylkesveg. Avkjørsla er ikkje lovleg før den er endeleg godkjend av Vestland fylkeskommune.

Berørte partar er varsle om tiltaket samt har Nils Kolås vært i dialog med fleire.

Nils Kolås har laga eit dokument som ligg ved saka om skogsvegane på Hauge og tips om vegen vidare.

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglende privat rett. Ein eventuell manglende privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

Naturmangfaldlova

Forvaltningslova

Kulturminnelova

Offentlegheitslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/19150

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

AcosSvarInn.xml

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om landbruksveg - gbnr 29/3 Hauge - Alver kommune

Miljøfaglig kommentar - landbruksveg gbnr 29/3 Hauge

Vegen til Haugsneset

Mottakrar:

Svenn Hauge

Mykingvegen 761

5913

EIKANGERVÅG